

# FHS-SENIOREN

Nr 18 Meldingsblad for Folkehøgskolens Seniorlag Desember 2018

## Det levande ordet

Åse-Marie Nesse



*Diktaren Åse-Marie Nesse frå Klepp skreiv «Det levande ordet» til 75-års-Jubileet for Jæren Folkehøgskule i 1974. Bjørg Garvik las diktet på Seniorlaget si morgon-samling 13. juni.*

*Hva solskin er for det sorte muld –*  
sjå, det var noko som alle visste  
den gong eit hundreår utan gull  
var ved å leggjast i minnekiste.  
Og fanst det nokon i Noregs land  
som visste meir om den svarte molda  
enn folket her på den låge strand,  
på sjumilssletta der ennå trolla  
stakk hovud fram i ei skoddenatt  
lik kampesteinar i nybrotts-lende.  
Det var eit slit for den eine skatt:  
dei pinte kodn av aur, dei brende  
den brune tare og skar si torv.  
Dei sådde armod og hausta voner  
med det dei hadde – ei hand, ei horv.  
Og over tunet gjekk magre koner  
med ryggen bøygd over mange åk.  
Mot solskin strekte dei sinn og sansar,  
for stova kjendest så mørk og låk,  
og livet baud ingen fleire sjansar.

Men best som århundret seig i grav,  
det steig ei sol over Kleppevarden,  
ein vårvind leika frå hei til hav,  
ein draum fekk hustuft på Kleppegarden.  
Fekk grunnmur, vegger og open dør!  
Og der var høgt under dette taket –  
sjølv rommet lever når hugen flør.  
For *ordet* vender 'kje tomt tilbake

når det er *levande*, lik eit lys  
som gjennomstrålar det stumme mørket,  
ja, lik ei vårsol når marka frys,  
lik sommarregn etter lang tids tørke.  
Å ja, det brydder da etter plog:  
det nye århundret vart ei såtid,  
med rot i Dannemarks bøkeskog  
og frukter fram i vår grasrot-nåtid!

*Hva solskin er for det sorte muld –*  
det røynde også dei nye ætter  
som såg det gro, såg ei framtid full  
av blanke dagar og trygge netter,  
såg Jæren vekse mot betre kår.  
Og vaken ungdom med band til jorda  
dei søkte høgskulen, år for år.  
Der fekk dei lære at også orda  
må dyrkast. Livet er meir enn mold.  
Slik steinet mark vert til gyllen åker  
kan også hjartejord bere foll.  
For inga istid er utan råker!  
Den kalde myra gir blome-ull,  
Eit bær på tuva er unders hende.

*Hva solskin er for det sorte muld –*  
*er sand opplysning for muldets frende -*  
Men kva er sanning? Og kva er ånd?  
Og kvar står *vi* i vår pluralisme?  
Er alt museum? Eit støvet fond  
til festbruk? Svermerisk estetisme?  
Vi lever midt i ei villmannstid  
med kalde krigar og kjernevåpen.  
Men aldri ender den gode strid,  
og meir enn før trengst den gudedåpen  
som kveikte Odin ved Mimes brunn.  
For enn det lauvast i grønne lier,  
og enn det livnar i Kleppelund,  
slik det har dagast til alle tider.  
Og vite skal vi og vone visst  
at sol skal skine på mold til sist ...

## Takk til Terje



Terje Thronæs har sagt opp vervet sitt som redaktør av FHS-SENIØREN. I 2010 tok han over etter Ivar Hov, som gjorde opptaket til både laget og vårt. Terje skreiv då at han tykte det vågalt å ta over etter Ivar. Eg har sagt meg villig til å ta over etter Terje, og eg synest det er vågalt. Det har vore gildt å få bladet før jul kvart år. Gode minne har blitt friska opp, og bladet har vore ein bindelekk mellom oss gamle folkehøgskulevenner. Eg vonar det kan halda fram med å vera det. Til Terje vil eg seia: Hjartans takk for godt utført jobb! Til alle andre vil eg seia: Eg vil bli svært takksam for tilsendt stoff, anten det er gode minne, aktuelle hendingar, tankar og meiningar du har lyst til å dela og som kan føra til at bladet kan knyta endå sterkare band mellom oss, og som kanskje kan auka lysten hos andre til å bli med i laget vårt.

**Ingvar Olimstad**

**NB!**

### **Påmeldingsfrist for Senior- kurset 2019: 15. april 2019.**

Som de ser av programmet for Seniorkurset (s.7), er påmeldingsfristen 15. april. Det er derfor veldig viktig at alle de som har bestemt dykk for å delta melder dykk på innan fristen. Dersom vi ikkje har fått 25 deltakarar innan 15. april blir treffet avlyst. Dersom det er 25 deltakarar 15. april, så er det mulig å melde seg på heilt fram til kursstart. Eg har prøvd å få utsett påmeldingsfristen. Dersom påmeldingsfristen hadde vore seinare, måtte skolen ha peronale på skolen i juni sjølv om treffet blei avlyst.

Terje Garvik

## God jul

Det er vel ikkje fritt for at minna strøymer på hos oss seniorar når vi endå ein gong skal få feira julehøgtida. Kanskje er det barneminna som dukkar fram, kanskje er gladstundene og forventningane saman med elevane på folkehøgskulen, ja, det kan vera så mangt som dukkar fram frå eit langt og travelt liv. Mange av oss kjenner det likt diktaren Vinje, som vi i år feirar 200-års jubileum for, når han i Jolevise syng:

*Me trengja alle til ei jol,  
til kvild frå årets tunge dagar,  
den kjem lik Herrens høge sol,  
som natt og tåke frå seg jagar.  
Og joli kjem so rein og kvit,  
når soli snur sitt auga hit.*

Vi ønskjer alle seniorar ei god, glad og fredfull jul, og vi gjer det med Grundtvigs julesalme:

*Kimer, I klokker, ja kimer før dag i det dunkle!  
Tindrer, I stjerner, som englenes øjne kan funkle!  
Fred kom til jord, himmelens fred med Guds ord.  
Æren er Guds i det høje!*

*Julen er kommen med solhverv for hjerterne bange,  
jul med gudsbarnet i svøb, under englenes sange,  
kommer fra Gud, bringer os glædskabens bud.  
Æren er Guds i det høje!*

*Synger og leger og klapper i eders små hænder,  
menneskebørnene alle til jorderik ender;  
født er i dag, barnet til Guds velbehag.  
Æren er Guds i det høje!*

Så ønskjer vi alle eit godt nytt år! Måtte det også bli eit godt år for Seniorlaget! Fortel kollegaer og folkehøgskulevenner om det spennande kurset i Melsomvik, og fortel om kor kjekt og, ikkje minst, kor lærerikt det er på desse kursa. Eg siterer igjen Vinje:

*Her er eg heime, det kjenner eg vel,  
her er eg heime og lever so sæl.*

*Her er dei unge som landet ein gong  
læra skal opp båd' med lærdom og song.*

*Ein etter ein dei fara ifrå;  
eg siter atter på benken endå.*

*Andre dei fara frå skulen sin veg;  
ferdig eg aldri kan verta med meg.*


\*

*Her er ein heim der det lyser om kveld,  
her er på åren den heilage eld.*

**Vel møtt i Melsomvik 3. juni!**

# Seniortreffet 2018

på



## Søndag 10. juni

Dei første deltakarane kom om ettermiddagen og kvelden. Det var sprekingane som skulle til Preikestolen dagen etter. Om den turen kan de lesa på annan plass i bladet.

## Måndag 11. juni

Jamvel om vergudane gav oss ein kald velkomst med regn, vind og ruskever, kunne vi straks kjenna varmen frå dei fire vertane som tok vel i mot oss og var med oss alle dagane. Dei fire var: rektor Dag Folkvord, inspektør Johny Fosse, internatleiar Anne Grete Grimseth Mo og gamlerektor Lars Sigve Meling.



*Ekstra gildt var det at vi i år hadde to danske høgskulevenner med oss. Det var Birgit Marie og Kristian Kjær Nielsen. Her er dei knipsa ved Knudaheio.*

Dei 30 deltakarane som sessa seg ved middagsbordet kom frå Vefsn i nord til Agder i sør, og ekstra gildt var det at i år var to danske venner med oss. Det var Birgit Marie og Kristian Kjær Nielsen frå Sønderjylland. Dei har vore forstandarpar ved Odder Højskole og på Helnæs,

og er elles kjende for sitt grundtvigske arbeid og kulturelle engasjement.



*Gamlerektor og tidlegare leiar i NF, Lars Sigve Sigve Meling var både vert og foredragshaldar og elles aktiv på mange område under kursdagane.*

Under kveldsseta måndag heldt Lars Sigve Meling eit engasjert foredrag om Jæren folkehøgskule frå starten i 1899 med Søren Øvrebø som styrar og fram til vår tid.

Etterpå var det tid for allsong, og jammen greidde energibunten og humørspreiaren Johny Fosse å få til eit seniorkor. Vakkert? I alle fall lyfta han fram den gode, herlege songgleda.

## Tysdag 12. juni

Herleg frukost, gild morgonsamling ved Dag Folkvord og eit levande og interessant foredrag av Johny Fosse om «Songen i norsk folkehøgskule i eit historisk perspektiv,» gav god niste for kropp og sjel denne formiddagen. Johny tok føre seg Alvestad songbok frå første utgåva i 1898 og fram

til i dag. Innimellom fortalde han soger om forfattarar og komponistar og tok føre seg bakgrunnen for nokre av songane, og sjølvst var det lagt inn mykje allsong



*Johny Fosse skapte mykje songglede. Han heldt dessutan eit levande foredrag om songen i folkehøgskulen.*




*Minnestøtta over Søren Øvrebø. Han grunnla Jæren folkehøgskule i 1899 og styrte skulen fram til 1923.*

Etter lunsj var det tid for dagstur; først med buss til Lauvvik i Høgsfjorden, og så båtcruise inn den tronge Lysefjorden med det vakre og ville landskapet.

Fjella kneisa himmelhøge på begge sider, men her og der låg det ei og anna slette der folk og hus hadde klora seg fast. Skyene gøymde dei høgaste fjelltoppane, men vi greidde då å skimta Preikestolen høgt der oppe.

Lengst inne i Lysefjorden ligg Lysebotn. Der har kraftutbygging, turisme og litt jordbruk skapt eit lite samfunn. Vi hadde med oss kaffi og kaffimat, og fekk ein gild stogg med tid til å rusla rundt i det vesle samfunnet. Her var det mange tungemål å høyra.



*Høgt, høgt og endå høgare opp kunne vi skimta Preikestolen mellom skyene.*

Bussen kom og henta oss i Lysebotn, og vi svinga oss opp den bratte Lysefjordvegen. Meir enn imponerte var vi med tanke på at kvar sommar er

denne vegen rulleskiarena for dei beste skiløparane våre.

Vel oppe breidde terrenget seg ut i fint høgfjellsterrang med vakre småvatn og grassletter og gode fjellbeite for sauene. Vi reiste framom fleire av skisentra og hyttebyane som Sirdal er så kjent for, før turen gjekk nedover Hunnedalen med stopp i Byrkjedalstunet som først og fremst er kjent for lysstøyperiet.

Mange inntrykk sat vi att med denne dagen, men det var ikkje nok med det. Om kvelden underheldt blandakoret Vivace oss med vakker song. Koret har øving på folkehøgskule kvar veke, så her blei vi servert frukter av eit godt samarbeid mellom folkehøgskulen og bygda.

### **Onsdag 13. juni**

Grytidleg onsdag morgon blei nokre morgonfuglar med vaktmeister Sigve Bore på tur i Kleppeloen og vidare til Kleppe-varden. Heldig er skulen som har eit så flott nærområde, og heldig er skulen som har ein så flink og engasjert vaktmeister.

Morgonsamlinga denne dagen var ved Bjørg M. Garvik. Ho las Åse-Marie Nesse sitt dikt «Det levande ordet».

Dagen var elles vigd Arne Garborg. Vi reiste til Garborgsenteret på Bryne der vi gjennom bilete, tekstar og tonar fekk innføring i diktinga hans. Garborg-biograf Sigbjørn Reime gav oss ei glimrande forelesing om korleis oppveksten på Jæren hadde prega diktaren på godt og vondt.

Etter forelesinga og matpause, bar det vidare til Garborg-heimen. Der fekk vi ei ny forelesing av Sigbjørn Reime. Han fortalde om huset, arkitekturen, miljøet, tida og litteraturen som kan knytast til Arne Garborg sin barndomsheim.



*Garborgheimen*



*Sigbjørn Reime og Helge Furnes ved inngangsdøra til Garborgheimen.*

Så blei det sjølvsgatt tur til Knudaheio, skriarstova til Arne Garborg, og der både Arne og Hulda er hauglagde.

Under kveldseta denne dagen fekk vi presentasjon av forfattaren Torvald Tu ved Johny Fosse. Han las fleire av Tu sine historier, og det gjorde han på ein måte skapte mykje gaman og fekk fram gap-skratten.

### **Torsdag 14. juni**

Regn. Ikkje det veret vi ønskte oss, i dag som vi skulle til Flor og Fjære. Men vi fekk ta det som det kom, og humøret kom på topp då internatleiar Anne Grete Grimseth Mo under morgonsamlinga fortalde om korleis det var å vera høne i haneflokken på Jæren folkehøgskule. Med skjemt og alvor fekk ho fram kor viktig mat og kosthald er for trivselen i ein elevflokk. Til det må vi tilføya at maten absolutt var med på å skapa trivsel også for oss seniorar. Det var som å gå til fest kvar einaste dag.

Første stopp denne dagen var Stavanger og Oljemuséet, med gløtt inn i alt det forvitnelege og imponerande som er skapt gjennom oljeeventyret, men som òg gav innblikk i tragiske ulykker og store miljøutfordringar.



*Helge Andersen, Torbjørn og Reidun Vik i ivrig passiar om tekniske finessar på Olje-muséet.*

Imponerte over Oljemuséet. Mest mål-lause over Flor og Fjære! For ein prakt! Og når så regnet stoppa og solglytta kom fram etter ein herleg lunsj, var det bare å gå omkring, suga til seg inntrykk og nytta alt det vakre.



*Ja, her kunne vi nytta,*



*og nytta!*

Etter alt det vedunderlege vi hadde fått med oss denne dagen, skulle ein snau tru det var plass til meir, men jammen var festborda flott pynta og festmiddagen av første klasse denne siste kvelden vår på Jæren. Mange godord blei bore fram til

kjøkkenpersonale og skuleleiing og til alle som hadde hatt med kurset å gjera.

### **Fredag 15. juni**

Morgonsamlinga var ved Lars Sigve Meling som hadde laga ein fin poesibukett med vakre dikt av Åse-Marie Nesse.

Også siste dagen blei det tid til tur; denne gongen til Orrestranda og vandretur med bølgeskvulp og vindsus som bakgrunnsmusikk.



*Ein flokk av kursdeltakarane brukte også siste dagen til utflukt: Vandretur på Orrestranda.*

Heimatt på skulen var det tid for siste forelesing. Denne gongen ved leiar for FHF, Øyvind Brandt. Han tala om verdigrunlaget for folkehøgskulen, Grundtvigs menneskesyn, og knytte det opp mot folkehøgskulen i dag og retta blikket mot framtida. Ei fin avslutting på eit flott kurs!

i.o



*Gilt og lærerikt! Kursdeltakarane samla utanfor Garborgheimen.*



# Invitasjon til Senioretreff 2019

Seniorlaget i folkehøgskoleforbundet inviterer til 2019-seniortreff hos Nestor i Melsomvik! Vi har lagt opp til et innholdsrikt og Vestfold-inspirert program for dagene mandag 3. – fredag 7. juni finner du her;

## Mandag 3. juni

Før 1300 Ankomst og innkvartering  
1300 Lunsj  
1415-1500 **Kursåpning – velkommen til Nestor og Melsomvik** v/ rektor Terning Dahl-Hansen og kursansvarlig Bente Simonsen  
1515- ca 1615 **Vi går samlet ned til Melsomvik og beundrer sommeridyllen** sammen med kursansvarlig Bente  
Ta gjerne med badetøy☺  
1900 Middag i Villa Åsly  
2030 **Velkommen** ved Bente hos Nestor

## Tirsdag 4. juni

0900-0920 Morgensamling i stua i Villa Åsly  
1000-1530 **Vi drar på Vikingferd i Vikingfylket Vestfold** v/ guide Unni Ottosen  
Første stopp er Vikingodden i Tønsberg for å se faktisk arbeid/rekonstruksjon av vikingskip, både Osebergskipet og Saga Farmann (Klåstadskipet). Neste stopp Oseberg-haugen.  
1300 Lunsj i Gildehallen på Midgard  
Vikingsenter  
Husfrua i hallen tar oss imot og gir en introduksjon til vikingtidens Borre og gravhaugene, og en omvisning i Gildehallen. I Gildehallen står kokka klar med et historisk måltid basert på vikingtidens kokekunst, og forteller om den tidens råvarer og matlaging.  
1445 Omvisning Midgard Vikingsenter og vi spaserer ned til Borrehaugene  
ca 1630 Kaffe og «noe attåt» ved retur til Melsomvik og Villa Åsly  
Ettermiddagen til egen disposisjon  
1900 Middag  
2030-2115 **Lyrisk aften** v/ Nestors «huspoet» Maria Szacinski

## Onsdag 5. juni

0900-0920 Morgensamling i stua i Villa Åsly  
0940-1040 **Fattigprotokollen – alle familier har en glemmebok** ved Tor Gerwin  
*En gripende historie som bidrar til forståelse for klassereisen dit vi er i dag*  
1115-1245 **«Et dikt om livet»** v/ skuespiller Geirr Johnson.  
En forestilling basert på tekster skrevet av Edvard Munch

1300 Lunsj  
1500 **Årsmøte i Seniorlaget**

1900 Middag  
2030 **Søppel og sang** v/ søppeldronninga»  
**program i Vikingfylket Vestfold.**

Rannveig Horntvedt . Hun startet Sandefjord søppelplukkerlag våren 2014. Tonnevis av søppel er plukket noe som resulterte i afternoon-tea på slottet, dronning møter Dronning i Sandefjord og mye mer!

## Torsdag 6. juni

0900-0920 Morgensamling i stua i Villa Åsly  
0945 Med buss vi drar☺ og besøker **STI FOR ØYE**, en kjærlighetserklæring til Vestfoldskogen, til naturen og til kunsten! Vi blir guidet rundt av initiativtaker Grethe Iversen  
1130 ca **Vaffel med is**☺ på Cafe Lumen  
1300 Lunsj i Villa Åsly  
1500-1610 Vi ser film; **Min elskede** – en vakker og ærlig film om å kjempe for kjærligheten for alt den er verdt, når den utfordres av Alzheimers sykdom. Med Jan Henry T. Olsen Laila Lanes.  
1800 Festmiddag  
2030-2115 ca **Intimkonsert** med Melsomvik's lokale trubadur JK.Melby

## Fredag 7. juni

0900-0920 Morgensamling  
1000-1100 **"De tre store- Camilla Collett, Amalie Skram og Sigrid Undset"** v/ Iselin Alme  
Hver på sin måte var disse kvinnene banebrytende i sitt forfatterskap, og svært modige i sitt engasjement for kvinners rettigheter og medfølelse for fattigdom og lidelse. Det som kanskje mest forener dem i lys av ettertiden, er deres dype forståelse for kjærligheten. Iselin Alme har en lang karriere som artist og sangpedagog.  
1115-1245 **"Hva kan du og jeg bidra med for å hindre klimaendringer?"** v/ Linda Rundquist Parr og Knut Bryn fra Besteforeldrenes klimaaksjon  
1300 Lunsj og hjemreise

**Pris kr 4.900,- som inkluderer;**

**Opphold med full pensjon:**

• Overnatting på enkelt- eller dobbeltrom med enkel hotellstandard. Alle rom har eget bad og toalett

**Påmelding innen 15. april**

**Minimum antall deltakere 25 personer**

**Informasjon om Nestor finner du på;**

<https://www.nestorkurs.com/>

**Påmelding kan gjøres på**

[post@nestorutvikling.no](mailto:post@nestorutvikling.no) eller ring

**3333 5500**

Returadresse:  
Ingvar Olimstad, Salomonskleivo 10  
4237 Suldalsosen

\*\*\*\*\*

### Leiaren har ordet



## Tankar frå turen til Preikestolen

Vi var åtte deltakarar som sette oss i minibussen til Jæren Folkehøgskole mandag morgon for å ta turen til Preikestolen. Eg har vore på Preikestolen fleire gonger tidlegare, men nå er det mange år sidan sist. Fjellplatået er det same, det same den storlåtne naturen. Likevel er mykje endra. Preikestolen er i dag eit av dei mest kjente turistmåla i Norge. Kvar sesong bersøker over 30000 Preikestolen, mange av dei kjem frå utlandet. Ein kan spørje seg kva er det som får eit godt voksent kinesisk ektepar, som kanskje aldri har vore på fottur tidlegare, til å ta ein 4-6 timars fottur i eit bratt terreng? Det er iallefall tydeleg at her er det ein snøball-effekt. Det virker som det er viktig for mange å gjere det same som mange andre gjer. At det er mulig å motivere så mange til å ta eit så positivt val, er i seg sjølv oppløftande. I andre sammenhangar kan ein jo bli meir betenkt. Det seier meg at det er mulig å motivere folk

## Årsmøte i Seniorlaget

**onsdag 13. juni 2018.06.18.**

Årsmøtet starta med ei minnestund over tre markante folkehøgskulepersonar og Seniormedlemmer. Mildred Nesheim heldt minneord over Ingebjørg Flaget, Ingvar Olimstad mintest Konrad Opdahl og Bjørg Garvik hadde minneorda over Åsmund Arne.

**Årsmelding og rekneskap** vart samrøystes godkjende.

**Kontingenten** for Seniorlaget vart fastsett til kr 150,-, som før. Ei klargjørande drøfting poengterte at lærarar og personale, styremedlemmer og venner av folkehøgskulen kan vera medlemmer av Seniorlaget. Dessutan kan dei som kvalifiserer til det og ønskjer det, vera medlemmer av Folkehøgskuleforbundet. Det er berre dei som er medlemmer i forbundet som utgjer lokallaget i NF. I Seniorlaget står alle likt – her er ingen A- og B-medlemmer.

**Val:** Terje Garvik vart attvald til leiar for eitt år. Helge Furnes vart attvald i styret for to år. Gerd Nystad har eitt år att av si funksjonstid.

Reidar Nesheim vart attvald som revisor.

Terje Garvik og Ingvar Olimstad vart valde til utsendingar til NF sitt landsmøte 2019.

Randi Giæver og Mildrid Nesheim vart valde til ny valnemnd.

\*\*\*\*\*

også til å delta i positive aktivitetar.

Veret var ikkje særlig godt denne dagen. På Preikestolen låg skodda tjukk over fjorden så vi såg nesten ingenting. Det regna kraftig på heimturen. Den første dagen med gråvær, den siste månaden hadde det vore strålande sol og varmt sommarver.

I utgangspunktet er det ein dårlig sti fram til Preikestolen. I to år har Skjerpaer frå Nepal vore her og laga ein heilt strålande steinlagt sti og mange steintrapper. Dette må vera eit høgdepunkt på praktisk og kulturelt samarbeid mellom nasjonar. Dei kjem til Norge og gjer ein fantastisk jobb. Dei får lønn og reiser tilbake der familien får nokre ekstra kroner å leva for. Neste år kjem andre Skjerpaer, slik at fortene blir delt mellom fleire familier.

Tenk om all kontakt mellom kulturar og fokeslag hadde vore slik? Dessverre lever vi ikkje i ein slik verden. Det kjem menneske til oss frå andre land og kulturar, som i første omgang bare trenger hjelp og beskyttelse. Skulle vi også ta imot dei, slik som vi tar i mot Skjerpaene?

Vi trenger raushet. Livet er ikkje bare solskin og varme. Vi må lære å akseptere og leve med at noen dagar er gråare enn andre. Eg må lære å leve med at også eg kan møte både ein og fleire gråversdagar. Evert Taube skriv: « Og hvem har sagt deg at du kom til verden for å få lykke og solskinn på ferden.»

Dette blei ikkje så mykje referat frå vår tur til Preikestolen. I Arne Garborgs ånd så er ein tur mykje meir enn å gå fra ein stad til ein annan. Ein tur set tankar og følelsar i sving. Eg fekk lyst, i Arne Garborgs ånd, til å dele med dykk nokre av dei tankane eg fekk på denne turen.

Terje Garvik